



Bondelagsleiarn er sauebonde i eit moderne hus

- Eg er sjølv sagt imponert over den store satsinga på jordbruket i Uskedalen, men det er viktig å peika på at lausdriftkravet for ku påskyndar prosessen,

Det seier bondelagsleiar Olav Hjetland Bringedal i ein kommentar til artiklane våre om den store investeringslysta i bygda. Etter den siste utsetjinga av kravet med 10 år skal lausdrift vera innført før 2034. Då skal det med andre ord vera slutt med faste båsar. Det skjer allereie ein rask strukturendring mot mot fleire lausdriftsfjøs.

Det er ikkje billig, men det er eit krav og det er gunstig for kua å røra seg. Ekspertane held fram at lausdrift har mindre jurbettelse. Men det er også ulemper, av ymse slag, vert det påpekt. Meir klauvsjukdommar er ein av dei.



Slik har kuene det i Tyskland.....

- Ein skal vera klar over at marginane for bøndene vert stadig mindre og hvis ein skal overleva i dette yrket må ein intensivera og effektivisera produksjonen, til dømes ved bygging av nytt fjøs. Her står kravet om overgang frå faste båsar til lausdrift sentralt, seier bondelagsleiaren.

Konsekvensen er imidlertid at dei store vert prioritert medan andre skvisast ut, påpeikar Hjetland og minnar om at dette er resultatet av landbrukspolitikken til den sittande regjeringa. Han strekar under at landet treng også dei mindre bruka for å halda oppe kulturlandskapet og framleis vera eit attraktivt reisemål for utlendingar og oss sjølve.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen